



Vi kan snu klimakrisa!





Verda opplever ein akutt klima- og naturkrise. Vi har ansvar for å bidra til å løyse klimakrisa og stanse nedbygginga av natur og dyrka mark.

Vi må også gjere det vi kan i vår kommune. I motsetning til Høgre, som har laga ein sentral klimameny for å be lokalpolitikarane sine vurdere å gjere noko med klimakrisa, tek vi konsekvensen av denne krisa, og SV vil prioritere klima og natur kvar dag i kommunestyret.

SV går til val for å redusere talet på store motorvegar, og heller bruke pengane på å oppgradere vegane vi har og styrkje kollektivtransporten. Samtidig er transport ei av dei største kjeldene til klimagassutslepp i vår kommune. Derfor er det svært viktig å kutte utslepp nettopp her. Vi vil gå inn for å stille krav til utsleppsfri kollektivtrafikk.

Store klimakutt krev meir kraft. Det har vore billigare å rasere natur, enn å nytte seg av allereie bebyggede område. Derfor ønskjer SV å få solceller på alle offentlege tak. Potensialet for straumproduksjon på bygg i Noreg er stort – på eitt år kan vi produsere ei mengd energi som svarer til over tre gonger dagens årsforbruk av straum i Stor-Oslo, eller 22 gonger årsforbruket i Trondheim kommune.

Denne sommaren har igjen og igjen vist konsekvensane av klimaendringane. Auka utslepp vil forverre krisa og gi oss meir av det ekstreme. Tida der ein gjennomførte eitt grønt prosjekt i kommunen, og dermed var fornøgd med eigen innsats, er forbi. Det skylder vi alle som er unge i dag, og som er dei som kjem til å leve med konsekvensane av klimaendringane

Sosialistisk Venstreparti

Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn
i SV her:**

